

# Aksept og asymmetri. Status for folkemålet 160 år etter

*Torgeir Parr Dimmen*

Senterleiar, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Høgskulen i Volda

**Abstract:** In this article, I discuss the current status and position of *Norwegian nynorsk*, the less-used variety of the written Norwegian language. In 1885, nynorsk was formally granted equal status with Danish, the official written language in Norway at that time (later evolving into modern *Norwegian bokmål*). After this radical resolution in the Norwegian Parliament 137 years ago, many variables influenced the balance between the two language varieties. In the first decades after 1885, the church played an important role in the expansion and status of nynorsk. Later, other arenas had more impact, especially newspapers, literature, broadcasting and other media. All along, political regulations in public institutions and in school curriculums have constituted the framework for the development. Nynorsk writers have always been a relatively small minority, and in the last decades its use has declined further. Currently 8–10% of the population writes in nynorsk. In order to illustrate the changes in the use of nynorsk and bokmål I will present some statistics, reports and examples from different parts of society, followed by a discussion of what might influence people and institutions today in their choice of written and oral language. In recent years, the formal equality of nynorsk and bokmål has been strengthened, and there are signals of less public resistance to nynorsk. Nevertheless, nynorsk is not used by more people or in more contexts than before. The conclusion is that both the acceptance and the asymmetry are increasing.

**Keywords:** Norwegian nynorsk, Norwegian bokmål, dialect, language history, language regulation

Temaet for Per Halse si doktoravhandling *Gudsord og folkemål* (2009) var framveksten av norsk kyrkjespråk frå 1859 til 1908. Dette var pioneråra då det nye landsmålet vart etablert og tatt i bruk som eit alternativ

Sitering: Dimmen, T. P. (2022). Aksept og asymmetri. Status for folkemålet 160 år etter. I A. Aschim, B. Afset, H. Elstad & B. Løvlie (Red.), *Tru, språk, historie. Heidersskrift til Per Halse* (Kap. 12, s. 279–296). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.165.ch12>  
Lisens: CC BY-NC-ND 4.0

til dansk på mange samfunnsområde. Med kyrkja som ein svært viktig aktør i målkampen.

At bibeltekstar, liturgi, preiker og salmar på landsmål var å høyre og sjå såpass fort og på mange stader, er ei av dei viktigaste årsakene til at det nye språket fekk varig fotfeste i Noreg.

Kva er stoda i dag? Er posisjonen til nynorsk som bruksspråk i Noreg styrkt eller svekt dei siste åra? Svaret på dette spørsmålet er ikkje opplagt. Det er heilt avhengig av kven ein spør, kva ein måler og kva tidsspenn ein ser på.

12. mai 1885 er ein sentral dato i forteljinga om nynorsk i Noreg. Då vedtok Stortinget å «sidestille det norske Folkesprog» med «det almindelige Skrift- og Bogsprog». Med dette vart Ivar Aasens nye heilnorske språk akseptert som eit likeverdig alternativ til det rådande danske skriftspråket. Dette vedtaket gjeld framleis, og sidan då har dei to språka – som etter kvart fekk nemningane nynorsk og bokmål – vore *formelt* jamstilte.

Draumen og målet for mange målfolk dei første tiåra var at landsmålet skulle verte det einaste norske skriftspråket. Slik gjekk det som kjent ikkje. Ei *reell* jamstilling kom aldri.

Asymmetrien mellom landsmål/nynorsk og dansknorsk/bokmål var total då Stortinget gjorde det radikale vedtaket for 137 år sidan. Han er mindre no, men framleis svært tydeleg.

Føresetnadane, kommunikasjonsskanalane og ikkje minst haldningane til språk og språkbruk er svært annleis i det tjuetførste hundreåret enn dei var då Ivar Aasen og dei andre målpionerane i kyrkje, åndsliv og politikk forma det nye språket med tilhøyrande reguleringar. Mykje har skjedd utover på 1900-talet og tidleg 2000-tal som har påverka balansen mellom dei to norske skriftspråka.

Det er ingen enkle svar på spørsmålet om kvifor det gjekk som det gjekk. Svært mange variablar har påverka utviklinga for nynorskens posisjon i Noreg fram til dagens språkpolitikk og språklege praksis.

## Nynorskprosenten

I jakta på nynorskens stilling i Noreg er det mange som først ser på dei handfaste statistikkane. Her er Språkrådet sin rapport *Språkstatus 2021*

og *Språkfakta 2020* av Ottar Grepstad dei nyaste og mest fullstendige kjeldene. Her er mykje interessant lesnad for dei som er opptekne av fakta om språk i Noreg.

Det talet som oftest får merksemd når nynorskens stilling blir omtala, er skulemålsprosenten. Dette er eit mål på kor mange av elevane i grunnskulen som har nynorsk som opplæringsmål. Her finst årleg og sikker statistikk frå Utdanningsdirektoratet. Han viser at prosentpilane har peika nedover i mange tiår – om enn slakt. I 1980 var det t.d. 16 prosent av elevane i grunnskulen som hadde nynorsk som opplæringsmål. Førti år seinare, skuleåret 2020–2021, var prosenten 11,6 (Språkrådet, 2021, s. 31).

Nedgangen i skulemålsprosenten har fleire årsaker. Lokale vedtak om at skulekrinsar skal byte språk fordi mange (nok) av innbyggjarane i området helst nyttar bokmål, er den viktigaste. Ein annan tendens som dreg i same retning, er den overordna demografiske utviklinga med sentralisering og nedlegging av bygdeskular. Nasjonale tal viser også at folketalsauken er vesentleg større i bokmålsområde (t.d. i Oslo-området og rundt dei andre store byane) enn i nynorskkommunane (SSB, 2018).

Det er også samfunnsområde der nynorskkurven har vore flat eller stigande dei siste åra. Det gjeld t.d. nynorskbruken i NRK og riksavisene, i bokutgjevingar og stortingsdokument (Grepstad, 2020, s. 19).

Alt i alt ser det ut som det samla talet på nynorskbrukarar i Noreg er nokså stabilt. Det finst ikkje nøyaktige tal på dette, men spørjeundersøkingar etter kvart stortingsval sidan 1957 har hatt med spørsmål om føretrekt målform. Dei årlege skattemeldingane er eit anna godt grunnlag for anslag om språkfordelinga. Desse kjeldene tyder på at det ein kan kalle nynorskprosenten hjå vaksne nordmenn har endra seg lite dei siste tiåra, og at han i dag er på 8–10 prosent. Dette svarar om lag til 550 000 innbyggjarar. Vel 74 000 av desse er elevar i grunnskulen (Språkrådet, 2021, s. 28).

I samband med lanseringa av *Språkfakta 2020* kommenterte Grepstad dette slik: «Etter alt av sentralisering, demografiske endringar og skiftande status for det å bruke nynorsk, er nynorskbrukarane framleis merkverdig mange» (NPK/Møre-Nytt, 2020).

Spørsmålet er kva som skjer vidare. Vil det framleis vere «merkverdig mange» som skriv nynorsk ved neste hundreårskifte?

## Den særnorske språkstoda

Noreg har i dag to skriftspråk som blir kalla «norsk». Dei er, etter alle objektive mål, nesten like. Talemålet «norsk» er ikkje normert. Nokre svært få snakkar det ein kan kalle normert nynorsk, ein god del fleire held seg til eit normert bokmål, men det store fleirtalet nyttar dialekt. Desse kan vere meir eller mindre skriftspråknære, og ofte inneheld dei ord og vendingar frå begge skriftspråka.

Tonefallet og uttalen av dei mange språklydane er heller ikkje normerte. Rulle-r og skarre-r, monoftong og diftong, med eller utan palatalisering – alt er lov. Statsrådar, partitoppar, næringslivsfolk, mediekomentatorar og andre som deltek i det offentlege ordskiftet, får ofte kjeft og kritikk for det dei seier og meiner, men svært sjeldan for *korleis* dei seier det. Tvert om. Å kritisere nokon for å snakke eigen dialekt slår nesten alltid attende på kritikaren. Det er politisk ukorrekt i Noreg på 2020-talet.

Å ha to nesten like variantar av skriftspråket og ekstrem toleranse for språkleg variasjon i talemålet skil Noreg frå dei aller fleste andre land. Grunnlaget for denne stoda vart lagt på 1800-talet med nasjonsbygginga etter 1814 og Ivar Aasens prosjekt om å skape eit heilt nytt norsk språk, bygd på dialektane. Visjonen dei første tiåra var at dette skulle overta for dansken og bli det einaste norske skriftspråket. Slik gjekk det ikkje. Dansk skriftspråk var for tungt etablert i offentleg styre og stell, i næringsliv, kulturliv, aviser og litteratur til at målfolket fekk med seg fleirtalet i eit så dramatisk skifte. I staden vart det ei fornorsking av «det almindelige bogsprog» fram til dagens bokmål.

Nokre framstiller det som eit problem at vi held oss med to variantar av norsk. Det er dyrt og tungvint, blir det hevda. Dei som vil, kan gjerne skrive nynorsk, men det er ikkje noko som skal vernast og fremjast med offentleg styring. Slike synspunkt kan ein finne sporadisk hjå unge politikarar på ytste høgre fløy i ymse debattforum på nettet, men elles er det i dag brei tverrpolitisk semje om at den delte norske skriftkulturen ikkje er eit problem, men ein rikdom og ressurs som vi må ta vare på. Dette blir omtala ikkje berre i den nyss vedtekne *språklova* (2021), men også i så å seie alle gjeldande partiprogram.

Språkutvikling er vanskeleg å styre. Særleg den munnlege. Eit stortingsvedtak frå november 1950 kan illustrere dette. Då vart det samrøystes

vedteke at ein frå og med 1. juli 1951 skulle uttale alle tal over tjue med tieren før einaren – ikkje omvendt (t.d. «tjuesju» i staden for «sju-og-tjue»). Initiativet kom frå Telegrafverket, som meinte at dette skulle gjere det lettare å oppfatte telefonnummer (Bolstad, 2021; Sandøy, 2001). Sytti år seinare er det framleis svært vanleg å høyre teljing på gamlemåten.

Skriftspråket er enklare å regulere – i alle fall eit stykke på veg. Ortoografi og bøyingsformer kan vedtakast og endrast. I Noreg har Språkrådet mynde til slikt. Men i alle språksamfunn skjer slike endringar etter måten svært sjeldan, og då helst med små justeringar.

Korleis folk kombinerer dei orda som alt finst i språket, er derimot i stadig utvikling. Det gjeld både i skrift og tale. Dessutan er det her ein sterk tovegs påverknad. Skrift påverkar talen, og talen påverkar skrifta. Det ein i dag kallar «standard austnorsk», er døme på det første, med utgangspunkt i norsk uttale av det danske skriftspråket (Theil, 2017). Aasens landsmål er døme på det andre. Han hadde som kjent dei munnlege dialektane som grunnlag for sitt landsmål.

I dag er det heilt andre vilkår for bruk og spreining av munnleg og skriftleg språk enn det var på Aasens tid. Dette gjer det vanskeleg vite kva veg utviklinga i det norske språksamfunnet vil gå, inkludert balansen mellom nynorsk og bokmål. Det kan bli knekkar i kurvene som viser dei lange språktrendane – både den eine og andre vegen.

## Språkleg demokratisering

I nasjonalt perspektiv har nynorskfolk alltid vore i mindretal. Dei har måtta kjempe for rettane sine og møtt fordommar og motstand frå mange miljø. Slike haldningar er vanskeleg å måle objektivt, men mykje tyder på at motviljen mot å lese, høyre og publisere på nynorsk har minka dei siste åra.

Det er fleire årsaker til at det no er større allmenn aksept for bruken av nynorsk. Den viktigaste er truleg den teknologiske utviklinga.

I dag er det mykje enklare for alle å sleppe til med eigne ytringar i det offentlege ordskiftet enn det var for to–tre tiår sidan. Før var ein meir avhengig av redaktørstyrte medium med høg terskel for å sleppe til. Desse kanalane finst framleis, men dei har i dag stor konkurranse frå nett- og

skjermbasert kommunikasjonsteknologi. No kan kven som helst publisere kva som helst – på nynorsk, bokmål og dialekt. Dette pregar både det språklege mangfaldet og den språklege kvaliteten på nettet. Denne demokratiseringa av publiseringsplattformene kjem også nynorsken til gode.

I dei mellomstore og store mediehusa er den språklege fridommen mindre. Her gjeld framleis offisiell rettskriving og klare reglar for kva målform journalistane får nytte i redaksjonell tekst. Minst nynorsk er det å sjå i papirutgåvene til dei såkalla riksavisene. Nokre har hatt nynorskskrivande journalistar i fleire år, t.d. *Klassekampen*, *Vårt Land* og *Nationen*. Dei andre store Oslo-avisene (*Aftenposten*, *VG*, *Dagbladet* og *Dagens Næringsliv*) held framleis nynorsken heilt unna redaksjonell tekst. I alle fall nesten. Dei aller siste åra har det kome ei og anna sak på nynorsk i papirutgåvene til *VG* og *Aftenposten*, men her er det framleis svært langt att til noko som kan kallast språkleg likestilling.

Då er det meir mangfald å sjå og høyre i nettavisene og særleg i nett-TV-tilbodet. Redaktørane sin toleranse for språkleg variasjon i desse skjermbaserte kanalane ser ut til å vere mykje større enn i dei trykte utgåvene. I nettavisene frå nokre av avishusa med rein bokmålsprofil i papirutgåvene er det i alle fall stadig nynorsk tekst å lese både i titlar, brødtekst og undertekstar, og nynorsk nær dialekt å høyre i eigenproduserte podkastar og nett-TV-sendingar.

VGTV er eit døme på dette. I juni 2020 vart journalistane Espen Breivik og Stig Øystein Schmidt heidra med Alf Helleviks mediemålpris for bruk av nynorsk i *VG* sin TV-kanal. I samband med dette kommenterer Breivik eigen språkpraksis slik:

Eg hadde venta reaksjonar. Men kanskje ikkje venta at mest alle er positive. Tilbakemeldingane frå lesarane og sjåarane er ofte på sjølve saka eg har publisert, og til slutt «så flott at du brukar nynorsk» [...] Eg har berre fått to negative reaksjonar. Den eine var at nynorsk er eit hipster-språk. Det tek eg som ein heider. (Sæbønes, 2020)

Minkande nynorskskepsis kan registrerast også på andre arenaer.

Kyrkja gjekk føre i pionertida før og etter førre hundreårskifte, og held framleis stand som ein god nynorskambassadør. Ottar Grepstad

formulerer det slik: «Den norske kyrkja var truleg den samfunnsinstitusjonen som mest systematisk og til tider konsekvent praktiserte ein språkdelt kultur» (Grepstad, 2020, s. 395).

Slike reaksjonar som Blix, Hovden og Hognestad møtte i si tid då dei nytta landsmål i salmar, preiker og liturgi, er så godt som heilt borte i dag (Halse, 2009, 2016). Då Kari Veiteberg vart utnemnt som biskop i Oslo i 2017, var det ingen negativ kommentar å høyre og sjå om at det no kom ein nynorskbrukar i domkyrkja i hovudstaden. Like lite kontroversielt er det at Olav Fykse Tveit, preses i den norske kyrkja, er nynorskbrukar.

I dag er nynorske salmar og songar ein naturleg del av gudstenestelivet i heile landet. Den første fellesspråklege utgåva av *Norsk salmebok* vart tatt i bruk i Den norske kyrkja i 1985. I siste utgåva frå 2013 er så mykje som fire av ti salmar på nynorsk (367 av 942). I *Sangboken* (1983), klassikaren i mange forsamlingar i lekmannsrørsla, er det også godt nynorskutval. Her er prosentten 32 (292 av 910) (Grepstad, 2020, s. 398).

Nynorskutvalet i desse samlingane har stor variasjon i sjanger og stil, alt frå klassikarar av Elias Blix, Anders Hovden og Sigvard Engeset til bidrag frå vår tids populære nynorskpoetar, t.d. Edvard Hoem og Bjørn Eidsvåg.

Bøker skrivne på nynorsk har i alle år vore ein etter måten liten, men livskraftig del av norsk bokbransje. Arne Garborg, Olav Duun og Tarjei Vesaas er stjerner frå dei første tiåra på 1900-talet. Nærare vår tid er Kjartan Fløgstad, Jon Fosse og Edvard Hoem døme på nynorskforfattarar med stor suksess. På 2000-talet har Maria Parr skrivne prisvinnande bestseljarar for born. For dei vaksne har den nynorsk-omsette Napoli-kvartetten av Elena Ferrante (utgitt av Samlaget i 2015–2016) vore ein stor kommersiell suksess.

Kommersiell suksess og prisdryss for fleire av dagens nynorskforfattarar tyder på at det ikkje treng vere ei ulempe å skrive på nynorsk. Det som ser ut til å telje for dei aller fleste lesarane på 2000-talet, er den litterære kvaliteten og/eller om historia engasjerer. Om boka er skriven på nynorsk eller bokmål, betyr mindre.

Fleire forfattarar har også hevda at nynorskmotstanden ser ut til å ha minka. Edvard Hoem er ein av dei. I eit debattinnlegg for eit par år sidan skreiv han m.a. dette:

Den bitre og kjenslestyrte «språkkrangelen» [...] er så godt som forsvunnen der eg ferdast. Fordommene og aversjonen smeltar bort. Dei som påstår dei aldri les ei bok på nynorsk, er i ferd med å bli ein utdøyande minoritet. For eigen del har eg selt 400 000 bøker på nynorsk dei siste åra. (Hoem, 2019)

Nynorskforfattar og revyartist Are Kalvø kan vitne om det same. Han har hatt mange suksessar på Det Norske Teatret, og når han blir spurd om det er ei ulempe at han brukar eit nokså normalisert nynorsk i fram-syningane sine, svarar han slik: «Det er ein måte å skilje seg ut på. [...] Det verkar friskare på publikum enn fleirtalsspråket bokmål» (Kalvø, 2021).

Dette har også fleire kommersielle aktørar merka seg. Den sognebaseerte saft- og syltetøyprodusenten Lerum og Hotell Union i Geiranger er to døme på bedrifter med base i nynorskland som dei siste åra har bytt frå bokmål til nynorsk i marknadsføringa. Både for å markere kvar dei kjem frå («det er dette som er språket vårt») og fordi det er ein konkurransefordel. Dei får merksemd i mediejungelen fordi språket deira skil seg frå det store fleirtalet ([www.lerum.no](http://www.lerum.no), [www.hotelunion.no](http://www.hotelunion.no)).

Til og med i den elles svært språkkonservative flybransjen har det blitt meir variasjon. Widerøe har t.d. både førehandsinnspelt tryggingsinstruks og kabinpersonale med nynorsk nær dialekt, og det nystarta flyelskapet *Flyr* har TV-reklamar med tydeleg nordnorsk språkpreg.

## By-nynorsk

Minkande nynorsk motstand, kanskje kombinert med aukande nynorsk sjølvtilitt, har også lagt grunnlaget for spenstige språkvedtak i to byar med lange og tunge bokmålstradisjonar.

Bystyret i Bergen vedtok i 2018 ein offensiv for å betre kåra for nynorsk i kommunen, «i respekt for dei mange nynorskbrukarane i byen og omlandet». Venstrepolitikaren Erlend Horn skriv om dette i eit innlegg med tittelen «Det urbane 'nynorskhatet' døyrt ut»: «Dei siste åra har det blåse ein nynorskvenleg vind i Bergen [...] Takka vere byrådet si nynorsksatsing har vi sett eit politisk stemningsskifte i Bergen. [...] I dag er eit stort fleirtal i bystyret samde om at Bergen må vere med i kampen om å vere nynorsk hovudstad i Noreg» (Horn, 2019).



Ålesund gjorde eit endå meir radikalt vedtak då dei etablerte den nye storkommunen i 2020. Protestane var heftige frå dei bokmålskrivande bypatriotane i gamle Ålesund, men i desember 2019 vedtok kommunestyret med 41 mot 35 røyster at dei fire innlemma nynorskkommunane fekk ta med språket sitt. Alternativet var «språknøytral» (Ålesund kommune, 2019). Dermed vart byen med over 66 000 innbyggjarar verdas suverent største nynorskkommune.

Døma over underbyggjer påstanden om at ein i det store perspektivet kan hevde at den generelle nynorskmotstanden i storsamfunnet i dag er mindre enn nokon gong. Det gjeld både toleranse for å lese og høyre nynorsk og nynorsknær dialekt og å la nynorskbrukarar halde på eige skriftspråk i yrkes- og kulturliv.

Likevel: Det er langt att til reell likestilling for nynorskbrukarane på alle område. Ein skal t.d. ikkje leite lenge i lesarbrevspalter og ymse nettdebattar for å finne døme på sterk nynorskmotstand og nynorskmotvilje.

Slike synspunkt finn ein i alle aldersgrupper, men skuleelevar og ungdomspolitikarar er gjerne tydelegast i talen, gjerne med innlegg mot nynorsk sidemålsopplæring. Eit ferskt døme her er FpU sin plakat i valkampen 2021 med teksten *F\*\*\*K NYNORSK* over eit bilete av Ivar Aasen.

Verre er det at mange redaktørar, politikarar, byråkratar og offentleg tilsette praktiserer motstanden meir indirekte ved å ignorere eller sabotere ønske og krav (også lovpålagde) om nynorsk i ulike trykte eller digitale kanalar.

Google og dei andre internasjonale tek-gigantane tar heller ikkje omsyn til at det finst to likestilte norske språk. «Kristin bytte til bokmål for å unngå konkurs» var tittelen i ei NRK-sak i januar 2021 (Hafsaas, 2021). Det galdt ein nettbutikk på Voss som potensielle kundar ikkje fann fordi teksten i eigenomtalen og dei nynorske produktnamna hamna langt nede på søkemotorane sine treff-lister.

Det finst løysingar på slike tekniske problem, i alle fall delvis, men dette er eit døme på at den nye marknadsbaserte teknologien ikkje er berre demokratiserande. Han er også diskriminerande på mange område, særleg knytt til nynorsk språkbruk i skule og næringsliv.

## Politisk styring: Lover og reglar

Freistnaden på å regulere teljemåten gjennom vedtak i Stortinget var ikkje spesielt vellukka. Slike endringar må skje på andre måtar. Men til dei større, overordna språkpolitiske sakene er nasjonalforsamlinga rette staden:

Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog. (Vedtak i Stortinget 12.5.1885, med 78 mot 31 røyster)

Landsmålet vart til i ei tid der alle tiltak som var med på å styrke nasjonsbygginga i den ferske (men framleis ikkje heilt sjølvstendige) nasjonen Noreg, vart sett på med stor velvilje. Ivar Aasens visjon om å byte ut dansken med eit eige *norsk* språk var difor i fullt samsvar med tidsånda. Dette er også føresetnaden for det radikale stortingsvedtaket i 1885.

To andre viktige vedtak kom i 1892. Då vedtok Stortinget at skulestyra sjølve skulle få velje språk i lærebøker og undervising i folkeskulen, og regjeringa overlét val av kyrkjespråk til «Menighedens Husfædre». Denne lokale språklege sjølvråderetten gjeld framleis, både i skulen og kyrkja.

Den sterke politiske viljen til å styrke nynorsken utover på 1900-talet hadde grunnlag i det langsiktige språkpolitiske målet om å samle dei to skriftspråka til eitt felles norsk språk. Dei mange rettskrivingsreformene, både av dansk/riksmål/bokmål (den første i 1907) og landsmål/nynorsk (frå 1910), skulle vere steg på vegen fram mot samnorsk. Det toppa seg i 1938-reforma, som vart sett på som svært radikal i begge språkleirane. Debatten vart avbroten av krigen, men kom att for fullt utover på 50-talet. På 60- og 70-talet bleikna visjonen om eitt norsk skriftspråk. Det reelle brotet med tilnæringslinja kom med rettskrivingsreforma i 1981, men den formelle opphevinga av «tilnæringsparagrafen» kom ikkje før i 2002 (Språknytt, 2002).

Den reelle statusen for nynorsk som skrift- og talespråk er vanskeleg å måle, både i historisk perspektiv og i dag. Men det er liten tvil om at den *formelle* statusen har auka. Skulen og kyrkja fekk tidleg velje språk lokalt, men elles var nynorskbruken på private og offentlege arenaer uregulert. Kravet om at nynorsk ikkje berre kunne, men skulle nyttast i offentlege organ og verksemder, kom mykje seinare. Det store skiljet her kom i *Lov*

om målbruk i offentleg teneste (mållova) frå 1980. Denne reguleringa er oppdatert og vidareført i den nye språklova (vedteken i mai 2021, gjeldande frå januar 2022). Denne inneheld også mange paragrafar som styrker nynorsken si formelle stilling som likestilt norsk skriftspråk.

I føremålsparagrafen til den nye språklova står dette: «Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka staten har ansvar for.» Lova skal også sikre at «offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk», noko som omfattar «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket» (Språklova, § 1).

Desse formuleringane presiserer for første gong i lovs form det offentlege sitt overordna ansvar for å styrke og fremje nynorsk. Det gir Aasens landsmål sterkare formelt vern enn det har hatt nokon gong før.

Den nye læreplanen (LK20, tatt i bruk hausten 2020) og utkastet til ny opplæringslov (på høyring frå august 2021, vedtak truleg våren 2023) er også tydelege i kompetansemåla og omtalen av skulen si rolle for å ta vare på nynorsk som eit fullverdig nasjonalspråk som alle elevar skal lære.

Dei første læreplankrava om at også bokmålelevane skulle lære nynorsk, kom tidleg. Ein eigen «sidemålstil» vart innført til examen artium alt i 1907. Frå femtitalet og utover har kravet om dugleik i begge dei norske skriftspråka vore med både for ungdomsskulen og vidaregåande opplæring, dei siste tiåra knytt til eigen sidemålsskarakter.

Eksamens- og karakterordningane blir for tida drøfta heftig i norsk-lærarmiljøa, men sjølve ordninga med obligatorisk opplæring i både bokmål og nynorsk for alle elevar er betre forankra i dagens læreplanar enn nokon gong før.

## Motkrefter

Nye lover og læreplanar sikrar den formelle statusen for nynorsk i overskødeleg framtid. Dette eit viktig grunnlag for at det framleis skal vere eit levande språk for innbyggjarane i Noreg.

Haldningane til nynorsk ser ut til å vere meir positive enn nokon gong. Det gjeld i kyrkje, kulturliv, media og på mange andre arenaer. På 2020-talet er det politisk ukorrekt å vere imot nynorsk. Og ungdommen sin

respons på skriftleg og språkleg mangfald via store og små skjermar er ikkje «so teit!» men heller «so what?»

Men det finst også motkrefter som dreg den andre vegen. Nokre av desse er alt nemnde: «folkeleg» hets, fordommar, negative haldningar og ikkje minst manglande oppfølging av vedtekne ordningar som skal sikre nynorskbrukarane sine rettar. Lover og forskrifter som styrer offentleg språkbruk, manglar sanksjonar som svir, og blir difor ofte ignorerte og saboterte.

I tillegg kjem det ein kan kalle megatrender i samfunnet. Desse er endå verre å gjere noko med. Tre av dei kan nemnast her: sentralisering, teknologisk utvikling og globalisering.

Straumen frå landsbygda til byane ser ut til å vere konstant. Ikkje berre i Noreg, men også i dei fleste andre land. Styrken kan variere frå år til år og frå region til region, men sett over tid bur det stadig relativt færre i grisgrendte strøk enn i byane og regionsentera (Thorsnæs, 2021). I alle norske byar er det som kjent svært langt mellom nynorskelevane – for ikkje å seie nynorskklassene. Det gjeld også byane i kjerneområdet på Vestlandet.

Ei tilgrensande problemstilling gjeld randsonene. Dette er område med blanda opplæringsmål. Her er det gjerne bygdeskular med nynorsk opplæringsmål, medan dei store skulane i kommunesenteret har bokmål. Når nynorskelevane frå utkantane kjem dit for å gå på ungdomsskule og vidaregåande, utgjer dei eit mindretal i dei nye klassene, og mange byter til bokmål (Garthus, 2012; Wold, 2019).

Den teknologiske utviklinga er eit endå større trugsmål mot nynorsken si stilling enn den nasjonale demografiske utviklinga. Dei siste tiåra har både skulen og samfunnet elles gått gjennom ein digital revolusjon. Skjermar med tilhøyrande val og program dominerer store deler av skuledagen på alle klassetrinn. Svært mange av programma og reiskapane elevane kan eller skal bruke, finst ikkje på nynorsk (jf. Langåker, 2018; Myking, 2018).

Resultatet er at mange nynorskelevar ikkje får bruke eige språk i opplæringa, slik dei har krav på. Dei får mindre mengdetrening, blir utrygge nynorskskrivarar og vel gjerne å byte til bokmål. At det aller meste av tekstane og språket dei blir eksponerte for på skjermene sine

i fritida, også er på bokmål (og engelsk), dreg sjølvsagt i same leia (Dimmen, 2021a).

Ei anna teknologisk nyvinning som kan få mykje å seie for nynorsk tekstproduksjon i framtida, er program for maskinomsetjing frå bokmål til nynorsk. Slike verktoy har eksistert lenge, men har hatt nokså ymse kvalitet heilt til nyleg. Dei to–tre siste åra har NTB og Nynorsk pressekontor (NPK) vidareutvikla gratisprogrammet *Apertium* så mykje at behovet for manuell språkvask etter at datamaskina har gjort jobben, er svært lite. Av og til er retteprosenten null (Dimmen, 2020). Resultatet er at NPK no kan tilby mange fleire «standardsaker» på nynorsk til abonnentane sine og bruke meir tid på eigenproduserte originalsaker (npk.no).

At språkteknologien kan nyttast til å produsere fleire nynorske tekstar i alle sjangrar, er positivt. Nynorsk blir meir tilgjengeleg på mange tekstflater, noko som legg til rette for meir mengdetrening. Det er viktig både for hovudmåls- og sidemålselevane og for alle andre.

Men teknologien skaper samstundes dilemma og debatt i norsklærarmiljøa. Kvifor skal bokmålselevane ha opplæring i sidemål når dei får nesten perfekte nynorsktekstar berre med nokre tastetrykk? Kva slag hjelpemiddel skal ein ha lov å nytte på eksamen i tiande trinn og vg3? Og å teste dugleiken i å skrive korrekt nynorsk dersom eleven har tilgang til ein datamaskin med omsetjingsprogram, er vel meiningslaust?

Her blir det etter alt å døme snart endringar i norskfaget, både i sidemålsundervisinga og eksamensformene (Dimmen, 2021b).

Den tredje trenden, globaliseringa, heng nøye saman med den teknologiske utviklinga. I dag kan alle med tilgang til ein mobiltelefon eller pc ha kontakt med folk over heile verda. Store og små nyhende og filmnuttar frå kvar som helst i nord og sør, aust og vest er berre eit par tastetrykk unna. Engelsk er fellesspråket for dei fleste, også norske skuleelevar. Dei chattar, speler og deler med andre ungdommar, og har ordforråd og uttale som foreldra – med engelsktimane på skulen som einaste læringsarena – berre kan drøyme om.

Gode engelskkunnskapar er sjølvsagt flott, men spørsmålet er om det å delta så mykje i eit framandspråkleg miljø i fritida gjer noko med haldninga til eige morsmål. Ein ting er at talemålet gjerne blir krydra med alle slags engelske omgrep. Meir urovekkande er det om born og unge ikkje

ser vitsen i å bli kompetente brukarar av skriftleg norsk. Og misser bokmålet status blant dei unge, står nynorsken endå meir utsett til.

Norsk domenetap er eit høgt prioritert tema i Språkrådet, m.a. med brei omtale i *Språkstatus 2021*. Her er det fleire tabellar som dokumenterer korleis engelsk tar over for norsk på mange arenaer, både i næringsliv, marknadsføring og ikkje minst i UH-sektoren. I 1996 var tre av fire masteroppgåver skrivne på norsk; 70 prosent bokmål, 4 prosent nynorsk, resten på engelsk. I 2016 var tilsvarande tal 54 prosent bokmål, 2 prosent nynorsk, 43 prosent engelsk (Språkrådet, 2021, s. 57). For doktoravhandlingar er tala endå meir dramatiske: 91 prosent engelsk, 8 prosent bokmål og 1 prosent nynorsk (Språkrådet 2018, s. 51).

Manglande språkstrategisk medvit hjå norske UH-institusjonar viser att også i retningslinjene for doktoravhandlingane. Ved NTNU og Oslo-Met er det krav om at det vesle mindretalet norskspråklege avhandlingar *skal* ha samandrag på engelsk, medan avhandlingar på engelsk berre *bør* ha norsk samandrag (Rem, 2021). Dette er aktiv diskriminering av morsmålet til dei aller fleste nordmenn og ei undergraving av den språkpolitiske målsetjinga om å ta vare på og styrke norsk som levande språk i akademia (Språklova, 2021; Sørbø, 2021).

## Framtida

Er nynorsk framleis eit levande og likestilt bruksspråk i Noreg om 20, 50 eller 100 år? Har bokmålet overtatt heilt når vi kjem til 2122? Då er nordmenn kanskje halvt eller heilt engelskspråklege?

Ivar Aasens landsmål vart etablert for over 150 år sidan. I dag er det akseptert som ein sjølvsgd og sentral del av norsk kultur. Dei første tiåra var det stor kamp for å få sleppe til på ulike språkarenaer. Nynorskhet og nynorskforbod finst framleis fleire stader, men i det store biletet er det grunn til å hevde at motstanden har minka.

Fleire lover og reglar som sikrar nynorskbrukarane sine rettar og det offentleg sine plikter, har vorte vedtekne. Etterlevinga har vore og er litt ymse, og det står framleis mykje att før ein kan snakke om reell likestilling av nynorsk og bokmål på alle område. Men alt tyder på at aktive motstandarar er færre enn nokon gong. I alle fall i dei organisasjonane

og institusjonane som har reell makt til å avgjere spørsmål om språklege rettar.

Nynorsk er føretrekt språk i visse delar av landet. Men området der nynorsk dominerer i skule og offentleg skrift, krympar stadig. I 1944 hadde ein av tre elevar i folkeskulen nynorsk opplæringsmål (Grepstad, 2020, s. 204), m.a. mange kommunar i Agder, Trøndelag, Nordland og Troms. I åra etter krigen har nynorsk kommunane i randsonene i nord, aust og sør falle frå. Språket vert meir og meir eit regionmål for Vestlandet.

Dei siste åra har det absolutte talet på skuleelevar som har nynorskopp- læring endra seg lite frå år til år, men folketalsauken gjer at skulemålspro- senten likevel sig nedover (Grepstad, 2020, s. 202). Denne tendensen har vore nådelaus jamn i 80 år og ser ut till å vere uråd å snu. Det vert relativt sett færre og færre nynorskrekruittar for kvart år.

Utviklinga i nynorskens posisjon i konkurranse med bokmålet kan oppsummerast slik: Den formelle jamstillinga har blitt styrkt dei siste åra, og er no trygt forankra i lover og reglar. Mykje tyder også på min- kande folkeleg motstand. Men dette har ikkje ført til at nynorsk blir tatt i bruk av fleire og på andre stader enn før.

Dette er eit paradoks. Både aksepten og asymmetrien aukar.

Og utanfrå pressar engelsken på som føretrekt språk på stadig fleire arenaer, i ekspansivt samspel med globale tek-gigantar.

Kan dette snu? Er det i det heile råd å styre denne delen av språkut- viklinga i Noreg?

Ein kan ikkje vedta korleis folk flest skal snakke eller bruke språket, men språk er heller ikkje levande organismar som utviklar seg upåverka av rammene rundt. Gjennomtenkte strategiar nedfelt i lover, forskrifter og politiske vedtak etablerer rammer som fører til endring i den ønskte retninga. Det finst mange døme på dette i norsk språkhistorie.

På den andre sida: Det er klare grenser for kor mykje av den faktiske språkbruken som kan styrast. Mange variablar let seg ikkje påverke av vedtak i storting, departement og Språkrådet. Særleg gjeld det digitali- seringa av samfunnet. Denne skyt stadig større fart i retningar som er uråd å vite noko sikkert om i dag. Kva skjer dei neste tiåra? Korleis påver- kar teknologien språket og språkbrukarane i det vesle språksamfunnet Noreg? Fører det til at born og unge ikkje bryr seg så mykje om kva språk

dei omgir seg med, og at det minst brukte norske skriftspråket blir endå mindre brukt? Eller gir morgondagens teknologi tvert om nye moglegheter som gir ny vitalitet og styrka posisjon for dei små språka?

Ingen veit. Det er heller ikkje så interessant å spekulere i. Strategien til dagens nynorsksfolk bør heller vere den same som hjå Aasen og hans visjonære allierte i kyrkje, kulturliv og politikk i pionertida frå slutten av 1800-talet: eitt år og éin strid om gongen. Så får (språk)historia bli som ho blir.

## Litteratur

- Bolstad, E. (2021). Den nye tellemåten. *Store norske leksikon*. [https://snl.no/den\\_nye\\_tellem%C3%A5ten](https://snl.no/den_nye_tellem%C3%A5ten)
- Dimmen, T. P. (2020). *Notat om Apertium-omsette tekstar*. Upublisert.
- Dimmen, T. P. (2021a). *Opplæringslova må sikre likeverdig digital skulekvardag*. Nynorsksenteret.no. <https://nynorsksenteret.no/blogg/opplaeringslova-ma-sikre-likeverdig-digital-skulekvardag>
- Dimmen, T. P. (2021b). Tastetrykk er inga erstatning for innsikt. *Utdanning*, 6/7, 36.
- Garthus, K. M. (2012). *Rapport om språkskifte i Valdres*. <https://docplayer.me/16705352-Rapport-om-sprakskifte-i-valdres-karen-marie-kvale-garthus-prosjektleiar-malstreken.html>
- Grepstad, O. (2020). *Språkfakta 2020: Tala. Forteljingane. Dokumenta*. Grepstad skriverseri.
- Hafsaas, S. L. (2021, 14. januar). Kristin bytte til bokmål for å unngå konkur. *nrk.no*. <https://www.nrk.no/vestland/nettbutikkar-endrar-malform-for-a-fa-fleire-treff-pa-google-1.15326351>
- Halse, P. (2009). *Gudsord og folkemål: Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.
- Halse P. (2016). *Peter Hognestad: Språkstrid og heilag fred*. Samlaget.
- Hoem, E. (2019, 15. desember). Slå ring om «grautmålet!» *rbnett.no*. <https://www.rbnett.no/meninger/2019/12/15/Sl%C3%A5-ring-om-%C2%ABgrautm%C3%A5let%C2%BB-20617014.ece>
- Horn, E. (2019, 22. august). Det urbane «nynorskhatet» døyr ut. *bt.no*. <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/e8yaER/det-urbane-nynorskhatet-doeyr-ut>
- Kalvø, A. (2021, 26. mars). *Språksnakk* [Radioprogram]. NRK. [https://radio.nrk.no/podkast/spraakteigen/l\\_8aecacf4-46ee-4a17-acac-f446eeca17c3](https://radio.nrk.no/podkast/spraakteigen/l_8aecacf4-46ee-4a17-acac-f446eeca17c3)
- Langåker, S. O. (2018, 12. april). 4 av 5 lærarar slit med å finna digitale læremiddel på nynorsk. *Framtida.no*. <https://framtida.no/2018/04/12/4-av-5-laerarar-slit-med-a-finna-digitale-laeremiddel-pa-nynorsk>



- LK20 (2020). *Læreplanverket: Overordna del. Læreplaner*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>
- Myking, S. M. (2018). *Rapport om digitale læremiddel med tanke på nynorsk*. Noregs Mållag.
- Mållova. (1980). Lov om målbruk i offentlig teneste. (LOV-1980-04-11-5). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>
- Norsk salmebok. (2013). *Norsk salmebok 2013: for kirke og hjem*. Eide forlag.
- NPK. (2021). Nynorskroboten i rask utvikling. *Npk.no*. <https://www.npk.no/nynorskroboten>.
- NPK. (2020, 20. oktober). Grepstad set strek etter omfattande språkarbeid. *Møre-Nytt*. <https://www.morenytt.no/kultur/2020/10/20/Grepstad-set-strek-for-omfattande-spr%C3%A5karbeid-22851481.ece>
- Opplæringslov, forslag. (2021, 26. august). *Forslag til ny opplæringslov og endringer i friskolelova*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-opplaringslov/id2868810/>
- Rem, H. (2021, 22. oktober). Språkveggen mellom forskning og samfunn. *Dag og Tid*, s. 12–13.
- Sandøy, H. (2001). Den nye teljemåten – ein sosiolingvistisk sensasjon. *Språknytt*, 4. [https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2001/Spraaknytt\\_2001\\_4/Den\\_nye\\_teljemaaten/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2001/Spraaknytt_2001_4/Den_nye_teljemaaten/)
- Sangboken. (1984/2014). *Sangboken. Syng for Herren*. Lunde forlag.
- Språklova. (2021). *Lov om språk (språklova)*. (LOV-2021-05-21-42). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>
- Språknytt. (2002). Slutt på tilnæringslinja i rettskrivingspolitikken. *Språknytt*, 3–4. [https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt\\_2002/Spraaknytt\\_2002\\_3\\_4/Tilnaermingslinja/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_3_4/Tilnaermingslinja/)
- Språkrådet. (2018). *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*. Språkrådet. [https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge\\_web.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/diverse/sprak-i-norge_web.pdf)
- Språkrådet. (2020, 20. mai). *Jamstillingsvedtaket*. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt-ord/jamstillingsvedtaket/>
- Språkrådet. (2021). *Språkstatus 2021. Språkpolitisk tilstandsrapport*. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2021.pdf>
- SSB. (2018). *Økt flytteaktivitet i Norge*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/okt-flytteaktivitet-i-norge>
- Sæbønes, R. (2020, 16. august). «Nynorsk er moderne, ope og folkeleg». *Møre-Nytt*. <https://www.morenytt.no/nyheiter/2020/08/16/Nynorsk-er-moderne-ope-og-folkeleg-22486583.ece>
- Sørbø, J. I. (2021, 8. oktober). Er det for mange utlendingar i norsk akademia? *Dag og Tid*, s. 8.

- Theil, R. (2017). Bokmål. *allkunne.no*. <https://www.allkunne.no/framside/sprak/sprak-i-verda/bokmal/7/85680/>
- Thorsnæs, G. (2021). Norge (bosettingsmønster). *Store norske leksikon*. [https://snl.no/Norge\\_-\\_bosettingsm%C3%B8nster](https://snl.no/Norge_-_bosettingsm%C3%B8nster)
- Wold, I. (2019). Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting*, 10, 77–99. <https://septentrio.uit.no/index.php/malbryting/article/view/4825>
- Ålesund kommune. (2019, 16. desember). *Fatta målvedtak i kommunestyret*. <https://alesund.kommune.no/aktuelt/siste-nytt/fatta-malvedtak-i-kommunestyret.5565.aspx>